

JOSTEDAL

EI STUTT UTGREIDING UM BYGDI OG FOLKET DER.

Av Jon Laberg.

Forord.

Då eg samla vyrkje til bøkene um Hafslo og Luster tok eg med ogso det meste av det eg kunde finna um Jostedal, endå eg ikkje hadde nokon tanke um å få noko av dette prenta i mi tid. Eg var ogso for mange år sidan i Jostedal for å røkja etter kva folk hadde å fortelja um bygdi fra gamal tid, og sume av dei visste ikkje so lite.

Alt dette eg soleis hadde samla um bygdi var det tanken å få gøymt i Statsarkivet i Bergen, til bygdi ein gong i framtidi kunde finna utveg til å få seg ei bygdebok, um ho so ynskte.

No hev godseigar Heiberg sagt seg samd i den tanken at noko av det eg hev samla um bygdi kann koma inn i »Tidskriftet« som Historelaget for Sogn gjev ut, soleis at det med tid og stunder kunde verta som ei bygdebok av det.

Korleis dette skal verta gjort, vil hr. Heiberg gjeva greide på.

Bergen, i sept. 1936.

Jon Laberg.

w. 10, 1939, s. 15-70

Innleiding.

Jostedal hev si eigi saga framum dei andre bygder i Sogn. Alle kjenner segni um korleis Jostedal vart lagd øyde i »Svartedauden«. Berre ei ung jente vart att, og vart funni av nordfjordingar som yver fjellet kom ned til dalen. Gjenta (»Jostedalsrypa«) vart med til Nordfjord, vart gift med ein mann der, og desse var det då som vart den nye Adam og Eva i Jostedal. Som mest i alle segner av dette slaget, er mykje rett i denne segni og. Jostedal vart øyde, og nordfjordingar var det som bygde dalen ånyo. At det siste er rett vert sanna ogso ved det at folket i dalen den dag i dag talar nordfjordmål, både i form og tonelag. Berre i nedste parten i dalen hev målet i det siste vorte noko påverka av målet i Luster.

Det er meir usikkert um dalen vart lagd heilt øyde, so med det same etter »Svartedauden«. Me hev eit skriv som kann vera frå 1374 og som talar um presten Atle i Jostedal, Botolv Krokiljane og Asbjørn Krana. Er årstalet rett, so var der både prest og andre i Jostedal 25 år etter pesten herjad. Men det er ikkje sikkert um brevet er eldre enn »Svartedauden«. Det er tale um kong Håkons 20de års regjering, og kann vera frå den eldre kong Håkons tid, ikr. 1319. I den tid var det og ein Atle prest i Jostedal. Likevel trur me helst at der var fleire enn »Rupa« som livde i dalen etter Svartedauden. Det fyrste ein må tru at folk tenkte på etter at dei tok til med å byggja dalen ånyo, var å få seg kyrkja. I 1660, då dei fekk ny kyrkja i dalen, vart det sagt at den dei hadde havt til då var mest 100 år gamal, og hadde vore til nedfalls alt i 1630-åri. Og det at dei fyrst i 1580-åri likna ut kor mykje kvar mann skulde yte til underhald av presten tyder og på at det er eit samfund i kjømdi. I (161)

vert det sagt av futen at dalen nylig er optatt av øde. Me kjem sanningi nærare um me segjer at bygdi låg øyde frå ikr. 1380 til 1580, soleis ikr. 200 år, endå at det i kyrkja ligg ein furekubb, der det stend skåret inn med djupe bokstavar: »ligget øde 300 år tilforn«.

Me tenkjer oss at det hev gjenge slik for seg: Etter pesten hadde herja i vinteren 1349—50 var der både prest og kyrkjelyd i Jostedal. Men dei var for fåe til å halda bygdi uppe. Dei skulde halda både prest og kyrkja, noko til vegar måtte dei og hava, og berre dette vart formykje for dei fåe som var att i dalen. Og det var heller ikkje so mykje um å gjera for dei å verta verande. Nede med sjøen, i nabobygdene var jord nok for alle, for det var ikkje berre i Jostedal pesten hadde herja. Og so vandra jostedølene ut frå sitt Uhr til det nye Kanaan. Og dalen låg der øyde og tom.

Men det kom ei tid då det vart verre med å få jord, ettersom folketalet auka, og då var det at folk frå Nordfjord flokka seg saman for å leggja dalen under seg.

Soleis kann ein tenkja seg at det heile hev tilbore. Men ingen kann segja med vissa korleis det heile heng ihop.

Etter di at dalen låg øyde i so lang tid, var det ingen som kunde segja seg eigar av jordi, og so vart det »Krunods«, staten vart eigaren. Frå staten vart det gjeve til Apostelkyrkja i Bergen, og seinare vart det selt til private. Ein av dei fyrste privateigarar var futen Anders Lauritsen (Heiberg). Han var g. m. Birgitte Munthe, og borni deira kalla seg alle Munthe. So vart ættlingane til futen eigarar av Jostedal, og ein av dei, presten i Hafslø, Christoffer Munthe vart sistpå eigar av heile dalen, Borni hans delte bygdi mellom seg, og det vert fortalt um ein av sønene, Ludvig Munthe på Årøen, at han mest alltid hadde tenestegjentor frå Jostedal som med arbeidet sitt svara utsvaret som far hennar skulde yta av bruket han hadde.

Frå Munthe-ætti gjekk jordi etter kvart yver til brukarane. Kva tid desse kjøpte, får me vita under kvart bruk, etter kvart me kjem til dei.

Me hev alt sagt at folket i Jostedal ættar frå Nordfjord.

